



Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 01.09.2014
Vår ref.: 2014/20376-1
Saksbehandlar: nilgrud
Dykkar ref.:

Fotgjengerfelt på Fv 179 Steinsvikvegen - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

På møte i samferdselsutvalet 20.08.14 sette representanten Gustav Bahus (Frp) fram følgjande oversendingsforslag:

«Fotgjengarfelt på Steinsvikvegen

Dette er ein fylkesvei som det er 60 km/t på. Det finst ikkje fotgjengarfelt over denne vegen og veldig mange barn(!), unge og voksne spring over vegen kvar dag. Dette gjer de for å nå busstoppet som er på andre sida av vegen eller for å bruke badestranda, naust eller småbåthamna. Spesielt på sommaren er det veldig mange barn som spring over vegen for å bada. Det har vore mange nestenkollisjonar her og mange bilistar held dessverre mykje høgare fart enn 60 km/t.»

Samferdselsavdelinga sender oversendingsforslaget over til Statens vegvesen for vidare sakshandsaming. Vi gjer merksam på at dykkar svar vil bli nytta i fylkesrådmannen si melding til samferdselsutvalet.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.